

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
061/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

### **Søknad til næringsfond – prospekt for batterifabrikk på Mongstad**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kostnad på kr 50.000 til arbeidet med prospekt for batterifabrikk på Mongstad, blir dekket av næringsfondet i Alver.

#### **Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:**

##### **Handsaming:**

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF og Mabel Johansen-H sette fram følgjande framlegg:

Kostnad på kr 50.000 til arbeidet med prospekt for batterifabrikk på Mongstad, blir ikkje dekket av næringsfondet i Alver.

Framlegget frå Lavik/Johansen vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Framlegget frå Lavik/Johansen fekk 6 røyster og vart samrøystes vedteke.

##### **ND- 061/21 Vedtak:**

Kostnad på kr 50.000 til arbeidet med prospekt for batterifabrikk på Mongstad, blir ikkje dekket av næringsfondet i Alver.

##### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift 22. juni.

##### **Kva saka gjeld:**

Ved nyttår 2021 kom det ein invitasjon frå Panasonic, Equinor og Hydro om å melde inn aktuelle tomter til lokalisering av ein batterifabrikk. Austrheim kommune og Alver kommune gjekk saman med industrien i regionen om å utarbeide ei prospekt for ein batterifabrikk på Mongstad. Kostnaden med arbeidet blei delt mellom kommunane, og denne saka gjeld dekking av Alver sin del på kr 50.000.

##### **Saksopplysninger:**

###### **Bakgrunn:**

Ved nyttår 2021 blei det sendt ut ein invitasjon frå Panasonic, Equinor og Hydro om å melde inn aktuelle tomter til lokalisering av ein batterifabrikk. Kommunane Alver og Austrheim bestemte seg raskt for å levere inn eit felles prospekt med utgangspunkt i industrien på Mongstad. Ein framtidig batterifabrikk på Mongstad kunne bety 2000 nye arbeidsplassar og ny grøn industriutvikling i regionen. Konsulentselskapet EY blei engasjert til å gjennomføre arbeidet med prospektet, og Nordhordland næringslag, Industriutvikling Vest og kommunane var aktivt med i prosessen. Kostnaden med prosjektet var sett til kr 100.000, der Alver og Austrheim delte denne summen. Tidsplanen var stram og prospektet skulle leverast innan 28. januar.

Det var stor interesse for denne prosessen og det kom inn meir enn 100 forslag til initiativtakarane. 16. mars kom det tilbakemelding om at Mongstad ikkje var med vidare i prosessen.

## Vurdering

Proessen med å utarbeide eit prospekt for ein batterifabrikk blei raskt prioritert av kommunar og andre aktørar. Ei etablering av ein batterifabrikk av denne storleiken på Mongstad ville kunne få store ringverknader for industriutviklinga i regionen. I tillegg passa ei slik etablering godt med dei forretningsmoglegheitene som kom fram gjennom prosjektet Greenspot Mongstad. I prospektet er det svart på den kravspesifikasjonen som kom fram i invitasjonen og det har vore stor semje internt i regionen om at Mongstad oppfyller alle kriteria i spesifikasjonane.

Sjølv om det ikkje kom eit positivt svar om etablering av batterifabrikk i denne omgang, er det likevel jobba fram eit grunnlag som kan nyttast i andre prosessar i framtida. Det vil kome fleire initiativ til batterifabrikkar eller andre industrietableringar dei neste åra. Arbeidet med prospektet er eit viktig kunnskapsgrunnlag for næringsutvikling i kommunen, og næringsfondet legg opp til å kunne støtte næringsutviklingsprosjekt som er strategisk viktig for kommunen. I denne saka vil rådmannen tilrå at kostnaden på kr 50.000, som er Alver sin del av totalkostnad på kr 100.000, blir dekkja av næringsfondet.

### Tilråding:

Kostnad på kr 50.000 til arbeidet med prospekt for batterifabrikk på Mongstad, blir dekkja av næringsfondet i Alver.

### Vedlegg i saken:

15.06.2021	Orientering og invitasjon til mulige lokasjoner	1573784
15.06.2021	Prospekt - Mongstad industripark - versjon til offentlig bruk	1573785